



TUSSA

Tertialrapport 1 2023



167

Driftsresultat (74)

117

Resultat før skatt (70)

211

Kraftproduksjon GWh (304)

487

Omsetning (354)

4 331

Totalkapital (3 835)

34

Eigenkapitalprosent (35)

Beløp i mill. kroner. Tilsvarende tal
pr. 1. tertial 2022 står i parentes.

Rekneskap pr. 1. tertial 2023

Rekneskapen for 1. tertial 2023 syner eit driftsresultat på 167,3 mill. kr (74,3) og eit resultat før skatt på 116,6 mill. kr (69,7). Omsetninga vart 487,1 mill. kr (353,9), totalkapitalen er 4 330,7 mill. kr (3 834,5) og eigenkapitalprosenten er 33,6 % (35,2). Netto finanspostar syner eit resultat på -50,7 mill. kr (-4,6). Tilsvarande tal for 1. tertial 2022 står i parentes.

Konsernet har ein auke i driftsresultatet på 93,0 mill. kr samanlikna med tilsvarande periode i 2022. Hovudårsaka til auken i driftsresultatet er høgare kraftpris og høgare pris på opphavsgarantiar som gir betre resultat innanfor kraftproduksjon. Mørenett/Linja og Tussa Installasjon har også hatt positiv resultatutvikling samanlikna med 1. tertial 2022, medan Tussa IKT og Tussa Kraft viser svak nedgang i resultatata samanlikna med i fjor.

Netto finanspostar viser -50,7 mill. kr for konsernet ved utgangen av tertialet. Dette er 46,1 mill. kr lågare enn same periode i fjor. Hovudårsaker til reduksjonen i resultatet er valutakostnader i samband med eurolån, reduksjon i marknadsvardi på euroNOK rentebyteavtale og auka rentekostnader på eksterne lån sett i høve til same periode i fjor.

Det er estimert 22 % skatt av selskapsresultata ved utgangen av tertialet. I tillegg er det estimert 35,4 mill. kr (13,0) i grunnrenteskatt og 1,5 mill. kr i høgprisbidrag. Skattekostnaden er 54 % av konsernresultatet før skatt, mot 41 % i 2022. Resultat etter skatt er 54,1 mill. kr, som er 12,7 mill. kr høgare enn ved 1. tertial 2022.

Totalkapitalen er 496,2 mill. kr høgare enn på same tidspunkt i fjor. Auken kjem i hovudsak som følgje av fusjonen mellom Mørenett og Linja, og investeringane har vore høgare enn avskrivningane i perioden.

ENERGI

Kraftproduksjon

Driftsresultatet for kraftproduksjon vart 105,2 mill. kr, som er 72,7 mill. kr betre enn same periode i 2022. Akkumulert kraftproduksjon vart 210,5 GWh (303,8 GWh). Produksjonen ved utgangen av tertialet var om lag 74 % av normalproduksjonen for perioden. Tilsiget hittil i år har vore 93 % av normalt.

Ved utgangen av tertialet var magasinfyllinga i Tussa på 25 %, som er høgare enn normalen for årstida. Vassmagasina i Norden har under normal fyllingsgrad, men snømengda er over det som er vanleg for årstida. Snøen er noko skeivfordelt med mykje snø i Sør- og Aust-Noreg. Hydrologisk balanse i Norden er om lag normal for årstida. Prisane på naturgass og kol har falle mykje etter dei ekstreme prisane i 2022, medan prisane på klimakvotar held seg høg. Marginalprisar for å produsere gasskraft er viktig for prissetjinga i Sentral-Europa, og låg på 154 øre/kWh for første tertial. Gjennomsnittleg spotpris for NO3 har vore 63 øre/kWh (26,7) i tertialet. Til samanlikning har systemprisen i perioden vore 92,4 øre/kWh og prisen i NO1 (Søraust-Noreg) 116,3 øre/kWh.

Den 1. februar vart Åmela kraftverk stoppa for stor rehabilitering av kontroll- og apparatanlegg med meir. Alt originalt elektrisk utstyr vart rive og det er no montert nytt, moderne utstyr som vil gjere Åmela meir påliteleg og tilgjengeleg for dei stadig nye marknadane som vi tidlegare ikkje kunne delta i. I skrivande stund er det like før kraftverket vert sett i ordinær drift igjen, som planlagt.

Kraftnett

Mørenett og Linja fusjonerte med verknad frå 8. mars 2023. Tussa eig 32,9 % av det felleskontrollerte føretaket Linja. Tussa sin del av selskapet er difor konsolidert inn i Tussa sin konsernrekneskap. Rekneskapen viser eit driftsresultat på 53,0 mill. kr (34,4), og eit resultat før skatt på 38,6 mill. kr. (30,1).

I driftsrekneskapan til Linja er resultat frå gamle Linja med frå og med mars 2023, medan resultat for heile 2023 er med for gamle Mørenett. Resultatet er godt hittil i år, og dette er i hovudsak relatert til auka inntektsramme.

I samband med fusjonen har Linja i oppdrag å gjennomføre eit synergiprogram dei neste tre åra med mål om å redusere kostnadene med nær 40 mill. kr for selskapet totalt sett. I takt med gjennomføringa av synergiprogrammet skal også tariffen i dei to gamle nettområda samordnast.

Kraftnettet er nøkkelen for å leggje til rette for elektrifisering og det grønne skiftet. Linja har eit omfattande investeringsprogram i 2023. Fleire store prosjekt er under utføring, og vi vil trekkje fram fornying og utviding av Giskemo Transformatorstasjon. Giskemo er eit av dei mest kritiske punkta i Linja nord sitt forsyningsområde, og vi investerar no 200 mill. kr over ei periode på 5 år.

IKT

Omsetninga for 1. tertial vart 94,4 mill. kr, ein auke på 9,1 % samanlikna med same periode i 2022. Driftsresultatet vart 12 mill. kr.

Forretningsområdet IT har hatt ei god utvikling innanfor IT-avtalar og konsulenttenester. Dette har gitt omsetningsvekst innanfor forretningsområdet på 4 mill. kr samanlikna med 1. tertial 2022. Selskapet opplever ein aukande etterspurnad etter sky- og sikkerheitstenester, og skal difor tilsetje fleire nye medarbeidarar.

Forretningsområdet kommunikasjon hadde ved utgangen av tertialet ein vekst i omsetninga på 3,8 mill. kr samanlikna med 1. tertial 2022. Hovudforklaringa til dette er meir sal av internett til bedrifter og hushaldningar. Så langt er det levert fiber til 15 289 hushald og 1 080 bedrifter.

Installasjon

Omsetninga for 1. tertial vart 62,6 mill. kr, som er 2,6 mill. kr lågare enn same periode i 2022. Driftsresultatet vart 3,5 mill. kr (0,1).

Reduksjonen i omsetninga skuldast i hovudsak lågare aktivitet i prosjektmarknaden. Selskapet har god tilgang på serviceoppdrag både i privat- og næringsmarknaden. Basert på røynsler er resultatsskapinga større i andre halvår enn i første, og det er forventa god aktivitet også mot slutten av året. Selskapet forventar å ha tilfredsstillande tilgang på arbeid i 2023. Det er signert fleire større kontraktar som skal ferdigstillast i 2023.

Utsikter for 2023

Den gjennomsnittlege kraftprisen på NordPool per utgangen av 1. tertial har vore knappe 63 øre/kWh, noko som er vesentleg høgare enn på tilsvarende tid i fjor. For andre tertial forventar vi noko høgare prisar enn i fjor, medan det for tredje tertial er forventa lågare prisar enn i fjor. Basert på marknadsprisar i mai, er det likevel forventa at ved slutten av året vil resultatet frå kraftproduksjonen vere noko høgare enn fjoråret. Prisane observert i marknaden er svært usikre. Det har til dømes i mai vore store prisendringar over kort tid, med fleire dagar med negative prisar. I sum er det forventa høgare resultat frå kraftproduksjon i år enn i fjor. Også for nettområdet er det forventa høgare resultat enn i fjor. For dei andre forretningsområda er det i sum forventa resultat som er litt lågare enn fjoråret. I sum for konsernet er det forventa høgare resultat enn i 2022.

Rekneskap Tussakonsernet

Tal i tusen kr

Resultat pr. 1. tertial	2023	2022
Salsinntekt	143 607	142 168
Energisal	190 873	95 655
Nettinntekt	142 915	112 278
Anna driftsinntekt	9 752	3 774
Sum driftsinntekter	487 148	353 875
Varekostnad	40 866	43 305
Energikjøp og overføringskostnad	64 525	46 687
Lønskostnad	91 648	89 505
Anna driftskostnad	62 854	43 516
Sum driftskostnad før avskrivningar	259 892	223 013
EBITDA	227 256	130 862
Avskrivning/nedskrivning	59 952	56 549
Driftsresultat	167 304	74 313
Netto finans	-50 722	-4 580
Resultat før skatt	116 582	69 733
Estimert skattekostnad	62 519	28 349
Resultat etter skatt	54 063	41 384

Balanse pr. 1. tertial	2023	2022
Anleggsmidler	3 976 318	3 535 695
Omløpsmidlar	354 391	298 825
Sum egedelar	4 330 709	3 834 520
Eigenkapital	1 453 020	1 351 021
Avsetning for forpliktingar	192 247	122 101
Langsiktig gjeld	2 186 449	2 016 515
Kortsiktig gjeld	498 993	344 884
Sum eigenkapital/gjeld	4 330 709	3 834 520

Resultat pr. 1. tertial	Omsetning		EBITDA		Driftsresultat		Resultat før skatt	
	2023	2022	2023	2022	2023	2022	2023	2022
Kraftproduksjon	193 107	97 861	121 009	48 962	105 207	32 535	69 161	36 710
Nett	153 335	115 265	72 338	51 707	52 986	34 394	38 570	30 134
IKT	94 363	86 469	33 433	33 023	11 989	13 315	8 020	10 015
Installasjon	62 602	65 221	4 683	1 257	3 472	137	2 987	-157
Andre	12 483	11 538	-4 208	-4 086	-4 400	-4 151	-206	-5 053
Eliminering	-28 742	-22 478	-	-	-1 950	-1 916	-1 950	-1 916
Sum	487 147	353 875	227 256	130 862	167 304	74 313	116 582	69 733